

Meland
kommune

NNT
Postboks 79
5918 Frekhaug

Tlf. 56 17 10 00
Fax. 56 17 11 61
www.meland.kommune.no
www.nordhordlandskart.no

Søknad om tiltak; oppretting eller endring av matrikkeleining (deling).
Pbl § 20-1 m.¹

Krav om matrikulering² av eining(ar) som ikke krev handsaming etter Pbl § 20-1 m, eller oppmålingsforretning etter MI § 33. MI § 5, siste ledd og matrikkelforskrift §§ 43-48.

Rekvisisjon av oppmålingsforretning. Matrikkellova § 33.

Journalføring/stempel:

MELAND KOMMUNE

- 6 NOV. 2013

13/14540 Suksh.

14/1 Ark.del

Saksid. 13/14740-1

Søknaden/rekvisisjonen gjeld:³

Plan- og bygingslova(Pbl.),Matrikkellova(MI.)

Eigedom(ar)	Gnr: 14	Bnr: 1	Fnr:	Snr:
	Gnr:	Bnr:	Fnr:	Snr:
Søknad om tiltak (deling) etter, Pbl. § 20-1 m og matrikulering etter MI. § 5.	Sakstype, Pbl. § 20-1 m: <input checked="" type="checkbox"/> A Ny grunneigedom <input type="checkbox"/> B Ny festegrunn over 10 år <input type="checkbox"/> C Arealoverføring <input type="checkbox"/> D Nytt jordsameige <input type="checkbox"/> E Ny anleggseigedom	MELAND KOMMUNE Godteke 17/12-2014 Saksnr. DNT sak 369/2014 Sakshandsamar e.f. <i>[Signature]</i>	Søknad om dispensasjon jf. pbl. § 20-1 m: <input type="checkbox"/> Plan- og bygningslov <input checked="" type="checkbox"/> Kommuneplan <input type="checkbox"/> Reguleringsplan <input type="checkbox"/> Utbyggingsplan (eldre lovverk)	

Deling i samsvar med: Reguleringsplan Utbyggingsplan (eldre lovverk) Privat forslag Anna:

Krav om matrikulering av eininger som ikke krev handsaming etter Pbl. § 20-1 m, eller oppmålingsforretning etter MI. § 33. ⁴	<input type="checkbox"/> Matrikulering av eininger, og rettar (festeforhold, bruksrettar o.a) som er tildelt matrikkelenummer etter tidligare regelverk (MI. § 5, siste ledd) <input type="checkbox"/> Samanslåing (MI. §18) <input type="checkbox"/> Føring av referanse til eksisterande grense, (MI. § 19) <input type="checkbox"/> Matrikulering av eksisterende umatrikulert eining (MI. §13) <input type="checkbox"/> Registrering av uregistrert jordsameige (MI. § 14) <input type="checkbox"/> Registrering av samla eigedom (MI. § 20)					
Rekvisisjon av oppmålingsforretning, MI. §33.	Oppmålingsforretning for matrikkeleining(ar) i medhald av løyve (delingsvedtak) etter Pbl. 20-1 m: <input type="checkbox"/> Grunneigedom <input type="checkbox"/> Anleggseigedom <input type="checkbox"/> Jordsameige <input type="checkbox"/> Festegrunn <input type="checkbox"/> Arealoverføring Må fyllast ut dersom alternativ B eller C er ønskt: <table border="1"> <tr> <td>A) <input type="checkbox"/> Ønskjer gjennomført utan ugrunna opphold (frist 16 veker etter pbl.-vedtak, § 20-1 m + eventuell vinterforskrift, MI. § 18,3)</td> <td>B) <input type="checkbox"/> Ønskjer å utsette oppmåling og matrikulering. Skal sjølv gje tilbakemelding når det er ønskjeleg å få utført arbeidet. (Etter 3 år fra godkjennung fell gjeve løyve etter pbl. bort.)</td> <td>C) <input type="checkbox"/> Ønskjer av særlege årsaker å gjennomføre matrikulering men utsett fullføring av oppmålingsforretninga i medhald av matrikkellova § 6. (Kommunen fastset frist for fullføring, ikke lengre enn 3 år)</td> </tr> </table> <p>For alt C); oppgi særlege grunnar (eventuelt i eige vedlegg):</p> <p>Oppmålingsforretning for matrikkeleining(ar) som ikke krev løyve (delingsvedtak) etter pbl. 20-1 m:</p> <input type="checkbox"/> Oppmålingsforretning over eksisterande matrikkeleining (MI. § 33) <input type="checkbox"/> Klårlegging av eksisterande grenser (MI. § 33) <input type="checkbox"/> Grensejustering (MI. § 16) <input type="checkbox"/> Uteareal til eigarsjonsj (jf. eigarsjonslova § 7 og matrikkelforskrifta § 35)			A) <input type="checkbox"/> Ønskjer gjennomført utan ugrunna opphold (frist 16 veker etter pbl.-vedtak, § 20-1 m + eventuell vinterforskrift, MI. § 18,3)	B) <input type="checkbox"/> Ønskjer å utsette oppmåling og matrikulering. Skal sjølv gje tilbakemelding når det er ønskjeleg å få utført arbeidet. (Etter 3 år fra godkjennung fell gjeve løyve etter pbl. bort.)	C) <input type="checkbox"/> Ønskjer av særlege årsaker å gjennomføre matrikulering men utsett fullføring av oppmålingsforretninga i medhald av matrikkellova § 6. (Kommunen fastset frist for fullføring, ikke lengre enn 3 år)
A) <input type="checkbox"/> Ønskjer gjennomført utan ugrunna opphold (frist 16 veker etter pbl.-vedtak, § 20-1 m + eventuell vinterforskrift, MI. § 18,3)	B) <input type="checkbox"/> Ønskjer å utsette oppmåling og matrikulering. Skal sjølv gje tilbakemelding når det er ønskjeleg å få utført arbeidet. (Etter 3 år fra godkjennung fell gjeve løyve etter pbl. bort.)	C) <input type="checkbox"/> Ønskjer av særlege årsaker å gjennomføre matrikulering men utsett fullføring av oppmålingsforretninga i medhald av matrikkellova § 6. (Kommunen fastset frist for fullføring, ikke lengre enn 3 år)				

Spesifikasjon av parsell(ar) som vert søkt oppretta som matrikkeleining(ar):

Parsell nr.	Areal ca. m ²	Arealtype for deling	Eventuelt journal nr	Eventuelt namn og adresse på kjøpar/festar
1.	1700	Beite/utmark		
2.	1700	—		

Opplysingar om omsøkt tiltak; bruk, tilkomst, vassforsyning og avlaup:

Parsellen/ane skal nyttast til⁵	<input type="checkbox"/> Sjølvstendig brukseining	<input type="checkbox"/> Tilleggsareal til	GNR:	BNR:	FNR:	SNR:
	<input checked="" type="checkbox"/> Bustadhus	<input type="checkbox"/> Offentleg verksemnd	<input type="checkbox"/> Offentleg friluftsområde			
	<input type="checkbox"/> Fritidshus	<input type="checkbox"/> Landbruk/Fiske	<input type="checkbox"/> Offentleg veg			
	<input type="checkbox"/> Industri/Bergverk	<input type="checkbox"/> Naturvern	<input type="checkbox"/> Kommunikasjonsareal / teknisk anlegg			
	<input type="checkbox"/> Varehandel/bank/forsikring/hotell/restaurant/anna:					
Tilkomst Pbl. § 27-4 Veglov §§ 40-43	<input checked="" type="checkbox"/> Riks-/fylkesveg	<input type="checkbox"/> Kommunal veg	<input checked="" type="checkbox"/> Privat veg			
	<input type="checkbox"/> Ny avkjørsel frå offentleg veg	<input checked="" type="checkbox"/> Utvida bruk av eksisterande avkjørsel				
	<input type="checkbox"/> Avkjørselsløyve gjeve (vedlagt)	<input checked="" type="checkbox"/> Søknad om avkjørselløyve (vedlagt)	<input type="checkbox"/> Tilkomst sikra i følgje vedlagt dokument			
Vass-forsyning Pbl. § 27-1 og -3	<input checked="" type="checkbox"/> Offentleg vassverk	<input type="checkbox"/> Privat fellesvassverk. Tilknytingløyve lagt ved				
	<input type="checkbox"/> Anna:					
Avlaup Pbl. § 27-2 og -3	<input type="checkbox"/> Offentleg avlaupsanlegg	<input type="checkbox"/> Privat enkeltanlegg	Beskriv: <i>Bioavhanlegg</i>			
	<input checked="" type="checkbox"/> Privat fellesanlegg					
	<input type="checkbox"/> Utsleppsløyve gjeve (vedlagt)	<input type="checkbox"/> Søknad om utsleppsløyve (vedlagt)	<input type="checkbox"/> Avlaup sikra ifølge			

Vedlegg⁶

	Nr. frå - til	Ikkje relevant
Partsliste/naboliste (alternativt kan nyttast s 4 eller kvitteringsskjema for rekommendert sending)	<i>1 og B</i>	<input type="checkbox"/>
Kart og situasjonsplanar	<i>2 og 3</i>	<input type="checkbox"/>
Avtale om veg/tilkomst, inkl. kart	<i>4 til 6</i>	<input type="checkbox"/>
Private servituttar		<input type="checkbox"/>
Uttale/samtykke frå andre offentlege myndigheter		<input type="checkbox"/>
Andre avtalar, dokumentasjon		<input type="checkbox"/>
Andre vedlegg		<input type="checkbox"/>
		<input type="checkbox"/>

Asle Meland
Melandsvegen 289
5918 Frekhaug

MELAND KOMMUNE

Godteke 17/12-2014

Saksnr. DNT sak 369/2014

24.06.2014

Sakshandsamar e.f. 

Meland Kommune

Teknisk etat.

Dispensasjon, frådeling gnr.14 bnr1.


Viser til telefonsamtale og E-post den 23.05.2014., der eg snakka med Tore John Erstad.

Samtalen gjalt storleiken på tomt. Eg har redusert tomt nr1 ned til ca 1200m². Grunna kupert terrenget på tomta er det vanskelig å redusere tomtestorleiken til mindre enn ca 1200m². Samtidig har eg trekt tilbake tomt nr2 frå søknaden.

M:v.h.

Asle Meland.

Vedlegg: nytt kart





Statens vegvesen

Asle Meland
Melandsvegen 289
5918 FREKHAUG

Behandlende eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:
2013/129529-004

Dykkar referanse:
03.12.2014

Førehandstilsegn med krav til utbetring av avkøyrsle - Gnr. 14 bnr. 1 - Meland kommune

Vi syner til søkeraden din mottatt 01.11.2013, vår uttale dagsett 13.12.2013 og e-post med melding om vedtak fra Meland kommune motteken 04.11.2014.

Avkøyrsla må utbetraast før Statens vegvesen kan gje løyve til utvida bruk. Mellom anna må svingradiar definerast tydeleg og siktilhøva utbetraast.

Med heimel i veglova §§ 40-43, har vi fatta følgjande vedtak:

Det kan påreknaast bruksløyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsle for 2 bustadeiningar under føresetnad om at krava nedanfor vert oppfylte.

Veg/stad: fv 244 hp 1 ved km 6,029 / gnr. 14 bnr. 1 i Meland kommune..

Vi gjer deg merksam på at tilseigna berre gjeld i høve til veglova og ikkje rettar overfor eventuelle andre grunneigarar.

Vi set følgjande krav:

1. Avkøyrsla skal vere bygd av tiltakshavar og godkjent av Statens vegvesen innan 3 - tre år frå d.d., elles fell tilseigna bort. Kommunen skal ikkje gje igangsetjingsløyve utover nødvendig grunnarbeid før endeleg godkjent avkøyrsleløyve frå Statens vegvesen føreligg, jf. plan- og bygningslova § 27-4. Avkøyrslepunkt med frisikt skal opparbeidast som første arbeid, og det skal ikkje gjerast noko anna arbeid før dette er gjort.
2. Avkøyrsla må opparbeidast i samsvar med vedlagte prinsippskisser og forskrift om alminnelege reglar om bygging og vedlikehald av avkøyrsle frå offentleg veg, som ligg på lovdata.no.
3. Avkøyrsla skal også kunne vere felles med eventuelle andre, som på ein naturleg måte kan nyte same avkøyrsle.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmaost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø⁹
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

4. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 45 meter til begge sider av køyrebana. Sikta fram- og bakover på vegen ved avkøyrsla må være minimum 45 meter. Eventuelle planter o.l. i frisktsona kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter. For denne avkøyrsla må sikta ordnast i retning aust (mot Frekhaug).
5. Svingradius skal vere 4 meter (diameter 8 meter). Svingradius skal markerast tydeleg med betongkant, grøft eller annan avvisande kant mot sideterrenget. Det smalaste punktet i avkøyrsla skal vere 5 meter.
6. Stigningskrava må haldast (sjå skisse). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane.
7. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillate å parkere i frisktsonene.
8. Under avkøyrsla må det leggjast dreneringsrøyr, minimum 300 mm i diameter, med eventuelt nødvendige kummer.
9. Eksisterande avkørslepunkt v/km 6,017 skal stengast fysisk ved at det vert opparbeida grøft her.

Før arbeid vert sett i gang på/ved offentleg veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen. Han skal sendast til bergen.arbeidsvarsling@vegvesen.no. Vis til vårt saksnummer i 2013/129529 i saka som gjeld arbeidsvarsling.

Ta kontakt med sakshandsamar dersom det er spørsmål i samband med opparbeiding av avkøyrsla.

Dei tekniske krava ovanfor inneber at avkøyrsla vert dimensjonert for personbil. Dersom avkøyrsla skal nyttast av større køyrety, ber vi om at du tek kontakt med oss.

Når avkøyrsla er opparbeidd etter krava vert bruksløyve gjeve av Statens vegvesen ved at tiltakshavar tar kontakt med sakshandsamar.

Vedtaket kan pålagast, jamfør vedlagt ”Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak”.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing


Odd Høydalsvik
Odd Høydalsvik
sjefingeniør

Unn Jenny Utne Kvam
Unn Jenny Utne Kvam

3 vedlegg

Kopi: Meland kommune (e-post)
Henning Wilhelmsen, Røysetvegen 92, 5918 Frekhaug (eigar av gnr. 14 bnr. 6)


PRINSIPPSKISSE




Tilsvarande sikt lengder som vist på tegningen må også gjelast gjeldende for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)


Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

Krav til svingradius for avkjørsla :



Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:





= frysutsone

= avkjørsle myklossveg

= grøft

Vedlegg 2013/29529-004



